



Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

Geilo 20.05.2020

## Høyringssvar frå Fjellnettverket til NOU 2019:17 Domstolsstruktur

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Vi arbeider for å sette viktige tema for fjellområda på dagsorden og for å skape livskraftige bygder. På vegner av medlemmene har Fjellnettverket følgjande kommentarar til NOU 2019: 17 Domstolsstruktur og det alternative forslaget frå Justis- og beredskapsdepartement.

Fleirtalet i domsstolskommisjonen foreslår å redusere talet på rettskrinsar til 22, med 30 rettsstader for tingrettane. For jordskifteretten er det foreslått 13 rettskrinsar med 20 rettsstader. Fleirtalet i kommisjonen foreslår òg at jordskifterettane skal samlokalisera med tingrettane. Frå regjeringa er det foreslått å oppretthalde talet på rettsstader, men å utvide rettskrinsane.

Fjellnettverket meiner dagens desentraliserte struktur sikrar at domstolane er tilgjengelege for innbyggjarane. Ein desentralisert struktur gir nærleik til domstolane og sikrar legitimitet til rettssystemet.

### Til forslaget frå domstolskommisjonen

Fjellnettverket meiner det er heilt avgjerande at det ikkje er stor avstand mellom innbyggjarane og den dømande styringsmakt. Færre rettskrinsar og rettsstader vil føre til lengre avstandar, høgare reisekostnader og meir tidsbruk for både innbyggjarane og næringsliv. Domstolane skal vere tilgjengeleg for publikum over heile landet. Både verksemder og personar skal kunne få avgjort tvistar utan store hindringar. Forslaget frå domstolskommisjonen om å legge ned rettsstader, vil i praksis seie at publikum får lengre reiseveg og det er ei hindring som får større konsekvensar i distrikta enn i sentrale strøk.

Lokale rettsstader er i våre område ein viktig arbeidsplass, særleg sidan dette er stillingar som krev høgare utdanning. Mange stader er det etablert lokale advokatkontor i nærleiken av rettsstadane. Fjellnettverket er uroa for at forslaget, dersom det blir gjennomført, vil føre til nedlegging ikkje berre av rettsstadene med òg av lokale advokatkontor. Konsekvensen er negative ringverknader i distrikt der ein treng fleire arbeidsplassar som krev høg utdanning.

Jordskifteretten som spesialdomstol handsamar saker som knytt til eigedommar og areal. I desse sakene er det svært ofte naudsynt at retten kjenner dei lokale tilhøva og har kort veg til synfaring på eigedommane. Nedlegging og sentralisering av desse domstolane vil føre til lengre reiseveg, ikkje berre for dei som har saker for retten, men òg for sakyndige og dommarar. Det er heilt avgjerande både for innbyggjarar og næringsliv i fjellet å få avgjort slike saker raskt og effektivt.

## Til det alternative forslaget frå regjeringa

Fjellnettverket er nøgd med at regjeringa ynskjer å sikre kompetansearbeidsplassar og nærliek til domstolane over heile landet. Men Fjellnettverket kan ikkje sjå at departementets forslag styrkar tilgangen til domstolane for innbyggjarane eller bidreg til stor grad effektivisering eller kompetanseheving. Det er ynskjeleg å gjere domstolane meir fleksible, og det bør kunne løysast gjennom å finne fleksible ordningar for å flytte både saker og dommarar mellom domsstolane. Strukturendringar krev både tid og ressursar og bør berre setjast i verk dersom det er heilt naudsynt.

Regjeringa ynskjer å bygge kompetanse på barnesaker i nokon utvalde tingrettar. Fjellnettverket meiner at det er spesielt viktig å ta vare på familiar og barn i ein sårbar situasjon. Om ein endrar rettskrinsane og legg desse sakene til nokre utvalde stader, kjem det til å føre til lengre reiseveg, og større ulemper for sårbare born og familiar.

I forslaget frå regjeringa står det at ei endring med å endre rettskrinsane òg kan gjelde jordskifteretten, men dette er ikkje utgreidd nærmare. Fjellnettverket understrekar at jordskifteretten og mogelegheit til å få avgjord saker raskt og med lokal kunnskap er svært viktig for næringslivet og innbyggjarane i fjellområda.

Fjellnettverket støttar regjeringa i at det om rettskrinsane blir samanslått, bør det innførast regulering på bemanning ved rettsstadane.

**Fjellnettverket støttar ikkje forslaget frå det kongelege norske justis og beredskapsdepartement eller domstolskommisjonen. Fjellnettverket meiner at dagens struktur sikrar innbyggjarane og legitimiteten til rettssystemet og oppmodar om å finne andre måtar innanfor lovverk og gjennom finansiering for å styrke domstolane i Noreg.**

Kari Randen  
Dagleg leiar  
Fjellnettverket

Olav Røssum  
Styreleiar  
Fjellnettverket